

# 1 Produksjonsskular er ein av vegane inn at i

## 2 arbeidslivet

3 Senterpartiet er oppteken av å vera nær folk i heile landet. Ungdommar er ein vik-  
4 tig del av folket! Dessverre er det ikkje alle ungdommar som føler at dei passar  
5 inn i dagens skulegang, at dei har valt feil eller dei ikkje passar inn i samfunnet.  
6 Tal frå NAV syner at 120 000 personar mellom 20 og 30 år står utan arbeid og  
7 skule. Senterungdomen er uroa for det høge talet på personar som ikkje fullfører  
8 vidaregåande opplæring og som vert uføre.

9

10 Vestland fylke er einaste fylke som har produksjonsskule som tilbod til ungdom  
11 utafør ordinær opplæring. Dei har to skular, ein i Bergen med dagtilbod (09-15) for  
12 ungdom som bur i eller nær byen, og ein i Hardanger med internattilbod på  
13 vekes-basis. Hyssingen produksjonsskule i Bergen vart oppretta i 2015 og er  
14 fullfinansiert av fylket, medan Hardanger produksjonsskule som starta i 2018 har  
15 vore finansiert 50/50 mellom staten ved Kunnskapsdepartementet og  
16 fylkeskommunen. Staten har no avslutta denne finansieringa.

17 Ungdommane på både skulane arbeider på dagen i verkstader der dei får  
18 opplæring gjennom praktisk arbeid og øvingar. Ungdommane vel sjølv kva  
19 verkstad dei vil vere tilknytt ut frå si interesse. Skulane tilbyr eit breitt tilbod av  
20 linjer innan blant anna matfag, byggdrift, mekaniske- og kreative fag.

21 Gjennom dei 8 åra det har vore produksjonsskule i Vestland fylke, syner tala at 8  
22 av 10 ungdommar som gjennomfører eit opphald, kjem tilbake til skule, lære eller  
23 arbeid. Dette er gode tal då ungdommane i produksjonsskulane ikkje er  
24 representative i lys av at dei ikkje har fått til ordinær vidaregåande skulegang og  
25 falt ut av mange ulike grunnar.

### 26 **Senterungdomen vil at:**

- 27 • Staten ved Kunnskapsdepartementet må gje øymerka søkbare midlar til  
28 fylka for å stimulera til ei nasjonal satsing på produksjonsskular.
- 29 • Ungdommane som går på produksjonsskular må også få same rettar og  
30 pliktar som elevar i vidaregåande skule, slik at dei kan søkje Statens  
31 lånekasse om stipend/lån.

32

33 Innsendt av Hordaland og Sogn og Fjordane Senterungdom